

Det nye styret i UU konstituert

12.04.2012



Det nye styret i Uskedalen Utvikling er konstituert slik:
Ieiar Kristian Bringedal, nestleiar Jan Erik Olsson.
skrivar Camilla Jensen, styremedlem Berit Harriet Døssland og styremedlem Erlend Bjørnebøle.
Alf Hjønnevåg er engasjert som rekneskapsførar

Det er fremja krav om eigedomsskatt for Gamleskulen, men eigaren UU vil søkja om fritak fordi det er ein ideell organisasjon og fungerer som eit lagshus slik Helgheim og Bedehuset gjer.

Av handligrasplanen for dette året går det mellom anna fram at oppussinga av kjøkenet skal ferdigstilla og at ein skal starta prosjektering og oppussing av kjellaren,

Uteområdet og leikeapparata skal oppgraderast.

Det skal haldast datakurs for seniorar og andre som treng det.

På biletet som vart teke på siste styremøte sit frå venstre Jan Erik Olsson, Alf Hjønnevåg, Erlend Bjørnebøle, Kristian Bringedal og Berit Harriet Døssland.

Foto: Ola Matti Mathisen